

MØTEREFERAT 20. OKTOBER 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 20. oktober 2022
	Kl. 19.00-21.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Kaffi:	Brynhild
Opning:	Oddbjørg

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Oddbjørg Løkling, Jens Arne Stautland, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Jørgen Knudsen

Forfall: Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Katrine Valvatne Kvernenes, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten,

SAKLISTE

2022/38 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Saksutgreiing: Det er to saker som er kome til etter innkalling. Brevet frå Anders Dahl som vart sendt ut tidlegare. Svein Arne Theodersen orienterer om saka med utlysningane som sokneprestar og spesialprest. Kva følger får dette for soknerådet. Nysæter sokneråd har og fått ei sak om frivillig strategi for Stord kommune.

Vedtak: Godkjent, med desse to ekstra sakene.

2022/39 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 30.08.2022

Vedtak: Godkjent.

2022/40 - 120 Økonomirapport

Saksutgreiing:

Soknerådet fekk ein gjennomgang av økonomirapporten pr 31.09.2022

Kommentar: Det er tydleg at me ikkje har kome i gang igjen med all drifta. Lysutstyret som er kjøpt inn på innsamla midlar, er ikkje fakturert så langt.

Vedtak: Soknerådet tek økonomirapporten til vitande

2022/41 - 002.3 Søknad om permisjon

Saksutgreiing:

Soknerådet har motteke permisjonsøknad frå Marit Stalheim Grimstad. Søknaden gjeld ut soknerådsperioden.

Vedtak: Nysæter sokneråd innvilgar permisjonsøknaden frå Marit Stalheim Grimstad. Karen Marie Valvatne rykker opp som fast medlem.

2022/42 - 411 Reglar for utleige av lyd og lys utstyr.

Saksutgreiing:

Nysæter sokneråd eig lyd og lysutstyr som er finansiert frå innsamla midlar. Korleis skal me handtera utleige av dette?

Det er viktig at utstyret vert brukt. Soknerådet ynskjer å ta ei leige på kvart utlån. Soknerådet ynskjer at det vert aga eit utstyrsliste der ein kryssar av kva som er uteleigd og kven som har teke imot utstyret. Det vert sjekka opp i om utstyret er forsikra.

Vedtak: Soknerådet utfordrar Tormod Stautland til å laga ei utstyrsliste som kan fungera som ein leigekontrakt. Soknerådet ynskjer ei symbolsk leige på 500,- pr leige. Det er eit spørsmål om kva som skjer med forsikring.

2022/43 - 273

Evaluering av Døgnet

Saksutgreiing:

Kva synest soknerådet om plassen, tema og bruk av tid?

Hotellet bør skiftast ut. Oppslutningen frå soknerådet er for därleg. Forelesningane var veldig interesaante, ein mann som det var godt å høyra på.

2022/44 -

Utlysning av sokneprest stilling i Stord sokn

Orienteringsak:

Svein Arne Theodorsen orienterer om kva som er situasjonen. Det er lyst ut to stillingar i vårt sokn. Ein kvalifisert søker til spesialpreststillinga, han er ikkje klar til å bli tilsett ennå. Men vil bli tilsett til våren når han er klar i forhold til si utdanning. Soknepreststillinga vart det forlenga frist fordi det var for spinkelt søkergrunnlag. På den utvida utlysninga sökte Jørgen Knudsen. Situasjonen i Nysæter blir då at Reidar Ådnanes vert konstituert som sokneprest i Nysæter. Reidar vil vera sokneprest i 60% og 40% som pensjonist. Svein Arne informert og litt om kva som er bakgrunnen for utlysninga av spesialprest stillinga. Men kva som skal vera arbeidsoppgåvene er ennå ikkje heilt klar. Det kjem til å bli ein prosess saman med begge sokneråda.

Soknerådet er positive til denne løysninga. Ei utfordring kan vera kven som er soknerådsleiar. I neste møte er det nytt val av soknerådsleiar og nestleiar.

2022/45 -

Frivillig strategi for Stord kommune

Saksutgreiing:

Oddbjørg Løkling orienterte frå skriv frå kommunen. Brynhild sender ut høyringa som kom i frå Stord kommune. Reidar Ådnanes har forslag til eit svar. Brynhild sender ut dette og.

Vedtak: Soknerådet gir AU fullmakt til å jobba vidare med saka.

- **Generell informasjon**
 1. 3. november kjem biskopen på prostidag
 2. Neste døgn vert 13. og 14. januar
 3. Kyrkjelydsfesten 27. oktober vert utsett til 2023. Me set ny dato på neste soknerådsmøte.
 4. Jørgen informerer frå staben. Vanskeleg å få tilgang på prestar til gudstenester og gravferder. Søkjaren til diakonstillingen trekte seg.
 5. Informasjon om familiekor. Marta Kristin har ein visjon, og ho har samla ein del familiær. Jubileumsgudstenesta er eit mål.
 6. Ettermiddagskaffi 13. oktober samla me 7 personar. Neste samling vert 10.11. Me skal legga til ein setning i meldinga om at det er ope for alle.
 7. Etter skuletid, her er kome til to nye vaksne. Det er mykje armar og bein og på det mesta har det vore 27 elevar.
 - **Skriv, referat og meldingar**
 1. Referat frå Stord sokneråd 31.08.22
 2. Referat i Fellesrådet 14.09.22

Oddbjørg Løkling
nestleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd
Tid: 6. desember 2022 kl 17.00-19.00
Møtestad: Nysæter kyrkje
Opning: Katrine
Kaffi: Karen Marie